

UTLEIGELEILIGHETER MIDT I AURE SENTRUM

KYRKJEVEGEN 38

- Eit samarbeidsprosjekt mellom Sykkylven kommune, Husbanken og Hjemmelkompaniet AS



FLOTTE OG MODERNE UMLEIGEBUSTADAR FOR LANGTIDSLEIGE MIDT I AURE SENTRUM

Sykkylven kommune har inngått ein avtale med Hjemmelkompaniet AS om tildeling for utleige av til saman 6 flotte og moderne leilegheiter i eit nyoppført leilegheitsbygg i Kyrkjegata 38 (på Bankplassen) midt i Aure sentrum. Prosjektet er etablert som eit samarbeid mellom Sykkylven kommune, Husbanken og Hjemmelkompaniet AS, der Sykkylven kommune står som tildeler av bustadane i høve dei kriteriana som kommunen og Husbanken fastset for tildeling. Hjemmelkompaniet AS står som eigar, utleigar og drivar av eigedomen. Den einkilde leigetakar skriv kontrakt med Hjemmelkompaniet AS.

Vilkår for tildeling av bustadane finn ein på Sykkylven kommune si heimeside, eller på søknadsskjema for tildeling av kommunale bustadar. Søknadsskjema til bustadane kan ein få ved å vende seg til Hjemmelkompaniet AS.

Kontakt Knut Henning Aursnes i Hjemmelkompaniet AS på tlf. 901 05 431 eller e-post knut@aurnes.no for nærare informasjon og synfaring.



AURE SENTRUM OG EIGEDOMEN

AURE SENTRUM

Kyrkjevegen 38 ligg midt i Aure sentrum, på Bankplassen. Frå alle leilegheitene er det fin utsikt over gatemiljøet, med miljøgate og butikkar, og fin utsikt mot sjø mot vest. I sentrum har ein enkel gangtilkomst til offentleg transport, restaurant/kafé, butikkar, legesenter, bank og kyrkje.

EIGEDOMEN

Det er 6 leilegheiter fordelt på 2., 3. og 4. etasje og i første etasje er det forretningslokale, inngangsparti og 6 sportsboder - ei til kvar leilegheit. Eigedomen er oppført med berekonstruksjonar, etasjeskilje, trapperom og heissjakt av betong. Det er brannsprinkling i fellesareal, sportsboder, leilegheiter og forretningslokale. Frå inngangspartiet er det heis til kvar etasje. Det er gang- og biltilkomst frå Kyrkjevegen (Bankplassen) til eigedomens bakgard, der det er skjerma inngang til leilegheitene og skjerma private parkeringsplassar.

INNHOLD

Kvar leilegheit inneheld gang, stove med kjøkken og utgang til eigen privat terrasse, dusj/wc/vaskerom, to soverom og bod, i tillegg til eiga sportsbod i første etasje.

PARKERING

Eigedomen har parkering på eigen grunn. I bakgard er det private skjerma parkeringsplassar som er til leige.

STANDARD

Leilegheitene støttar krava i gjeldande byggjestandard på oppføringstidspunktet (TEK 17). Alle leilegheitene har universell utforming (livsløpsstandard). Overflater vert utført i lette og lyse fargar. Felles søppelstasjon i gjennomgang til bakgard. Sensorstyrt utebelysning i første etasje. Felles sykkelparkering, der det også er utekran for vatn.

STANDARD

Stove/kjøkken:

Laminatparkett på golv og lyse slette og malte veggplater. Himling av slettussa og kvitmåla betong. Kjøkkeninnreiing med slette frontar og laminat benkeplate. Det følger ikkje med kvitevarer, då vi har erfaring med at dei fleste ønskjer å nytte sine egne.

Dusj/WC/vaskerom:

Keramiske fliser på golv og baderomsplater på vegg. Nedfora kvitmåla himling. Baderomsinnreiing, dusj, vegghengt WC og opplegg for vaskemaskin og tørketrommel.

Soverom, gang og bod:

Laminatparkett på golv og lyse slette og malte veggplater. Himling av slettussa og kvitmåla betong, som dels er nedfora.



Terrasse:

Eigen privat terrasse med utgang frå stove. Det er tredekke på golv og glasrekkverk på øvste del av rekkverk. Utelys og stikkontakt.

Sportsboder:

Golv av betong og veggjar av dels betong og ubehandla trepanel kledd på ei side av deleveggjar.

STANDARD

Trapperom:

Trapperom og trapper i synleg betong i golv, veggjar og himling.
Sensorstyrt belysning. I tillegg nødllys og ledelys.

Balansert ventilasjon:

I kvar leilegheit er det eige ventilasjonsanlegg med varmegjenvinnar. Avtrekk frå bad og kjøkken, og innblåsing i stove, gang, bod og soverom.



Oppvarming:

Varmekablar i dusj/WC/vaskerom.
1000W panelovn i stove og 500W panelovn på kvart soverom.



PLANTEIKNING 1. ETG



PLAN 1. ETASJE
M 1:150

PLANTEIKNING 2. - 4. ETG



BO SENTRALT MIDT I SYKKYLVEN SENTRUM





SYKKYLVEN



KONTAKTINFORMASJON

ER DU INTERESSERT I LEILEGHEIT I SENTRUM?
KONTAKT OSS PÅ E-POST ELLER TELEFON:

E-post: knut@aurunes.no
Tlf: 90 10 54 31



Hjemmelkompaniet AS
Skulevegen 9
6230 Sykkylven